

TIME SOKNERÅD

ÅRSMELDING 2017



Innhold

ÅRSRAPPORT TIME SOKNERÅD 2017	4
ÅRSMELDING FOR LØVEGJENGEN I TIME KYRKJE, 2017	5
ÅRSMELDING 2017 FOR TIME DIAKONIUTVAL	6
TRUSOPPLÆRINGA I BRYNE, TIME OG UNDHEIM – ÅRSMELDING 2017	8
STATISTIKK TIME SOKN	10

TIME
KYRKJA
BYGT
1859

Årsrapport Time sokneråd 2017

Time sokneråd har det siste året hatt 7 møter og behandlet 28 saker. Time sokneråd er et godt fellesskap å arbeide i.

Informasjonsskjerm på kyrkjetorget har latt vente på seg. Men nå er det blitt inninstallert bedre internetttilgang ved hjelp av fiber. Det vil gjøre bruk av skjermen enklere.

Her vil det komme informasjon om kyrkjegarden, kyrkja og arrangement .

Time kyrkje trenger fortsatt vedlikehold.

Nytt tak ble ferdig i begynnelsen av året. Det var helt nødvendig med en oppgradering. Takstein begynte å falle ned.

Det viste seg å være løs skifer, råteskader og borebilleangrep i stort omfang.

Gann tre gjorde et godt arbeid. Telt over bygget gav gode og nødvendige arbeidsforhold på taket som er på ca 460 kvm. Hele operasjonen kostet ca. 2 mill. kroner.

All skifertakstein ble tatt av. Gammelt sutak ble fjernet og ertstattet med nytt før skiferen igjen ble lagt på plass.

Planene om å innstallere automatisk slukkeanlegg for å hindre evt, brannskader er i gang.

Det er ellers planer om å fornye avløpsrør under bakken fra takrennene. Vinduene i tårnet må også repareres.

Forsamlingen på Lye har hatt mange utfordringer det siste året. Det såkalte homofilivedtaket i kirkemøtet førte til at flere av gudstjeneste deltakerne på Lye meldte seg ut av kirken. De utmeldte har startet en alternativ søndagssamling den søndagen det ikke er gudstjeneste på forsamlingshuset. INN – Kyrkja på Lye er etablert for de som ikke lenger vil og kan stå som medlemmer i den Norske Kirke.

Det har vært og er fortsatt en krevende prosess når et så lite miljø skal dele ressursene for frivillig innsats og gjennomføring av kristent arbeid på Lye.

Soknerådet ser derfor ingen grunn til å videreføre samarbeidsavtalen med Lye.

Ellers har vi besluttet å skifte misjonsprosjekt . Vi har nå inngått avtale med Normisjon om å støtte et prosjekt for «Okhaldunga sykehus i Nepal». Det betyr at soknerådet garanterer minst 20.000 kr årlig til dette prosjektet i tre år fremover. Så langt har det virket spennende og vi får tilført mye god informasjon om prosjektet.

Økonomien i soknet har også dette året vært god. Helgedagen jobber veldig bra og har gode folk i redaksjonen. Salmekvelden samlet mye folk og er blitt en kjær samling for mange. Nytt av året var en familiesamling med barnegruppen Seven .

Time sokn har sammen med Undheim Ragnhild Hansen som fast ansatt i trosopplæringen . Dette er en stilling som er delvis finansiert ved givertjeneste. Mange er givere men det er fortsatt plass til flere. Arbeidet i trosopplæringen har utviklet seg bra og med hjelp av mange frivillige har det etter hvert funnet sin form . Stor takk til de som legger ned en betydelig innsats i dette nye arbeidet for den norske kirke. Ellers har vi som vanlig hatt mange diskusjoner om livet rundt gudstjenestene i Time kyrkje.

Arbeidet med å skaffe nye medarbeidere i Løvegjengen for barna under gudstjenestene har vært vanskelig. Lederne har stått på i mange år og gjort en kjempeinnsats.

Jeg vil til slutt takke alle ansatte og frivillige som har gjort en innsats både i menigheten og på bedehusene i soknet vårt. Alle er vi sammen om den store oppgaven å bringe evangeliet videre til nye generasjoner.

Willy Finnbakk

Årsmelding for Løvegjengen i Time kyrkje, 2017

Håvard Braut, Brynhild Stokka Andersen og Karin Lima Friestad har hatt ansvaret for løvegjengen våren 2017.

Me prioriterte å ha løvegjeng søndagar med dåp.

Søndagens forteljartekst var tema for andaktane.

1.pinsedag var det bursdagfest for kyrkja, med hoppeslott, leiker, pølser og saft.

Etter å ha vore leiarar for løvegjengen i mange år, gav me oss etter vårsemesteret.

Enno er det ingen til å ta over, men vona er at nokon kan sjå dette som deira oppgåve.

Sjølv om det ikkje har vore nokon faste leiarar hausten 2017, har Jorunn M.Ueland hatt barneopplegg to søndagar. Det ligg og teiknesaker til utlån bakerst i kyrkja.

8.8.2018 Karin Lima Friestad

Årsmelding 2017 for Time diakoniutval

Årsmeldinga omfattar oppgåver der Time diakoniutval saman med diakon og andre frivillige medarbeidarar er involverte. Det er mange som er med i forskjellige frivillige oppgåver i kyrkjelydane våre. Det er ikkje mogleg å nemna kvar einskild med namn, men diakoniutvalet ønskjer å takka kvar og ein for den viktige oppgåva dei står i.

Time diakoniutval

I 2017 har Time diakoniutval bestått av Aslaug Tveit Berge (leiar), Marit Undheim, Leikny Åsen og Oddvar Byberg (soknerådsrepresentant). På våren var Ann Iren Tjelta Ravndal diakon, og på hausten var det Jofrid Aarsland Mikalsen. Utvalet har hatt 4 møter. Det er utarbeida ein plan for diakoni som ligg til grunn for den diakonale verksemda i kyrkjelyden. Denne planen blei evaluert og oppdatert dette året.

Diakonigruppa på Lye

På Lye er det ei eiga frivillig diakonigruppe. Konkrete tiltak som gruppa driv er m.a. strikkekafe for damer, treff for menn, internasjonal cafe, forbønnsteneste, besøksteneste og jubilentbesøk. Gruppa har tilbod om at menneske som ønskjer det kan ta kontakt med dei. Arbeidet blir utforma i tråd med behov på Lye.

Arbeid for eldre og besøksteneste

Vi syns det er viktig med heimebesøk. Medlemmane i diakoniutvalet og diakongruppa på Lye går på jubilentbesøk med ei helsing til alle medlemmane i soknet som fyller 80, 90, 95 og 100 år. Desse besøka, og fleire andre besøk blei utført av både frivillige og tilsette.

Kvart år arrangerer diakoniutvalet ein «Vårfest for alle +/- 60». Festen bytar på å vere på Lye forsamlingshus og i Undheim kyrkje. Dette året var festen 12. mars på Lye forsamlingshus. Det var ein kjekk fest, med full sal. Denne festen er felles for alle i Time, Undheim og Bryne. Bryne diakoniutval arrangerer også ein tilsvarande fest som er felles for alle. Det er «Haustfest for alle +/- 60». Det var også ein veldig kjekk fest, som gjekk av stabelen i slutten av oktober.

I tillegg til dette er alle i Time, i alderen +/- 60, inviterte til «Torsdagstreff» i Bryne kyrkje ein torsdag i månaden. Institusjonane i Time blir også jevnleg besøkte av prest eller diakon som held andakt eller gudsteneste der. Her bur det bebuarar frå heile Time.

Sorgarbeid

Andre sundagskveld i januar blir det kvart år halde ein minnegudsteneste i Time kyrkje, organisert av Time diakoniutval. Mange pårørande kjem til kyrkja for å minnast dei som har døydd i året som har vore. Dette er eit felles arrangement for heile Time. Prest var Gunnar Frøyland, og Oddny Underhaug med songgruppa Shalom deltok med song. Namna blei lese opp og det blei tent lys på ein nydeleg lysinstallasjon.

Laurdag før Allehelgensdag hadde Time diakoniutval arrangementet «Open kyrkje, tenn eit lys». Då blei kyrkjetorget i Time kyrkje heldt ope, og folk kunne koma inn for å få varma seg, få noko å bita i og å samtala med nokon, medan dei besøkte gravene på kyrkjegarden. Inne i kyrkjesalen hadde vi ein times program med vekselvis orgelmusikk og skrift/diktlesing ved Per Olav Egeland og Leif Andenes. Det blei eit fint arrangement.

Diakonane tek kontakt med etterlatne i heile prestegjeldet, og det blir arrangert sorggrupper i samarbeid med heile Jæren og Sandnes prosti. Gruppene startar opp fortløpande etter behov. Både deltakarar og gruppeleiarar kjem frå Time.

Grenser og grenseløshet

Denne hausten blei det arbeida med å lage eit dokument og gode retningslinjer for «Forebygging og handtering av seksuelle krenkingar». Dette arbeidet var felles for alle kyrkjelydane i Time. I den forbindelse blei det i november arrangert ein temakveld med namn «Grenser og grenseløshet» på Lye forsamlingshus, der Marianne M. Fladen var foredragshaldar. Det blei fokusert på temaet om seksuelle krenkingar. Dette blei ein fin temakveld.

Samlivsarbeid

Saman med resten av Time, samt heile Jæren og Sandnes prosti, har vi eit tilbod med samlivskursa "To på samme kurs (kurs 1)" og "Et annerledes språkkurs (kurs 2)". Desse kursa blir arrangert i heimen til leiarpar gjennom året ved behov. Kursa blir utført av frivillige mehjelparpar, diakonen er aktiv i administrasjonen av kurset. Det er gode tilbakemeldingar frå deltakarar som har gått på kurs. Kusa har fortløpande påmelding.

Arbeid for menneske med utviklingshemming

Ein søndag i månaden er det «Sundagstreff». Dette er samlingar med gudsteneste tilrettelagt for menneske med utviklingshemming i Bryne kyrkje. Då er det først allsong, mat og drøs i peisestova. Etterpå er det gudsteneste i kyrkjesalen. Ein god gjeng blir samla her kvar gong. I mai var det sommaravslutning med grilling i Undheim kyrkje. I desember var det juleavslutning med besøk frå Leif Johannes Netland.

I tillegg har diakonen hatt skulebesøk i kyrkja med elevane frå avd. for kvardagslivstrening ved Bryne vgs, der det blir fortald om påsken.

Fasteaksjonen

Tysdag 4. april dette året gjekk årets Fasteaksjon av stabelen. Konfirmantar og konfirmantforeldre gjekk med bøsser, og mange frivillige var med i organiseringa. Resultatet for heile Time var kr. 147 012. Av desse blei kr. 16 994 samla inn på Lye, og Vestly og Hognestad samla til saman inn kr. 21 090. Dette var eit flott resultat. Mange var med både i gjennomføringa, samla inn og gav pengar i bøssene.

Tusen takk for stor innsats i det diakonale arbeidet i Time.

Trusopplæringa i Bryne, Time og Undheim – Årsmelding 2017

Dåpen forpliktar oss til opplæring. Trusopplæringa skal vera eit tilbod om systematisk og samanhengande opplæring for alle døypte barn og unge uansett funksjonsnivå. Vi har sidan oppstarten i august 2004 bygd opp nokre robuste fasetiltak for aldersgruppa 0-12 år. Trusopplæringa har vore i ordinær drift frå 10.07.2013.

Oversikt over fasetiltaka:

Alder	Tiltak	Oppslutning	Anna
0 år	Dåpssamtale og dåp	Bryne: 71 Time: 33 Undheim: 9	1 samtale og gudsteneste
0-1 år	Babysong/småsong	Time: 19 av 80 = 24% Undheim: 8 av 20 = 40%	Samling annankvar veke
2 år	Undretur Hausttakkegudsteneste	Bryne: 7 av 103 = 7% Time: 5 av 38 = 13% Undheim: 17 av 19 = 89%	1 samling Utdeling av CD.
3 år	Krøllekveld	Bryne: 11 av 103 = 11% Time: 5 av 38 = 13% Undheim: 7 av 15 = 47%	1 samling
4 år	Barnebibel	Bryne: 45 av 88 = 51% Time: 22 av 41 = 54% Undheim: 10 av 11 = 91%	1 gudsteneste
4 år	Adventsklubb	Det var færre som deltok på adventsklubben enn som fekk barnebibel utdelt i kyrkja.	1 - 2 samlingar
4-5 år	- Samling med Jungelkoret - Samling med Lye barnegospel - Samling med Supermix	Bryne: 9 av 86 = 10% Time: 2 av 34 = 6% Undheim: 5 av 11 = 45%	1 samling
6 år	Aktivitetsdag	Time: 1 av 47 = 2% Undheim: 8 av 15 = 53%	1 dagssamling (planleggingsdag for skulen)
6-7 år, 1. kl	Dåpsskule	Bryne: 19 av 237 = 8% Time: 20 av 40 = 50% Undheim: 15 av 18 = 83%	Både 1. og 2. klasse, ei sml. 4 saml. + dåpsskulehelg
8-9 år, 2. kl	Pinsefart	Bryne: 31 av 111 = 28% Time: 25 av 45 = 56% Undheim: 6 av 9 = 67%	3 saml. Ettermiddagstid
9-10 år, 3.kl	Tårnagenthelg	Bryne: 27 av 110 = 25% Time: 30 av 40 = 75% Undheim: 15 av 22 = 68%	Fre/lør 5 timer + gudst. søndag. U: 3. og 4. klasse saman.
10 år, 5.kl	Lys vaken	Bryne: 33 av 109 = 30% Time: 16 av 41 = 39% Undheim: 9 av 12 = 75%	Fre + gudsteneste Overnatting, 4 saml + gudsteneste
11-13 år, 5-7. kl	24 H Festival	Bryne: 33 av 288 = 11% Time: 39 av 109 = 36% Undheim: 31 av 34 = 91%	24 timar lørdag-søndag, inkl. overnatting + gudsteneste
12 år, 7. kl	Leiartrening	Undheim: 3 av 16 = 19% 1	1 samling + praksis på aktivitetsdag for seksåringar.
13 år, 7.kl	7. klassefest	Undheim: 8 av 9 = 89%	1 samling

14-16 år	Ukuf, Undheim	Undheim: 28 av 39 = 72%	36 samlingar (12 samlingar pr. årskull)
15 år, 9. kl	Konfirmasjon	Bryne: 96 av 111 = 86% Time: 26 av 29 = 90% Undheim: 10 av 9 = 111%	Totalt 60 timar.
17-18 år	Påskennatt i Time kyrkje	Bryne: 37 av 221 = 17% Time: 21 av 81 = 26% Undheim: 13 av 22 = 59%	1 gudsteneste NB! Tala er usikre

Nytt av året er Krøllekveld for 3-åringar og 24H Festival for 5-7. trinn. Det var ein Krøllekveld i kvart sokn, desse var i kyrkjene. 24H Festivalen var felles for alle tre sokna. Den var i og rundt Undheimhallen og Undheim skule. Det deltok totalt 103 barn og 68 vaksne. Festivalen var veldig vellukka med glade, slitne og fornøgde barn, men det kravde mykje innsats av både tilsette og ikkje minst alle frivillige som stilte opp.

Leiartrening for 7. klasse vart starta opp på Undheim i samband med aktivitetdagen for seksåringar. Dette tilbodet kan utvidast med fleire samlingar.

Det er ennå mykje ugjort arbeid når det gjeld fasen 13-18 år.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

Organisering: 2017 har vore eit år prega av optimisme, tiltakslust og innsatsvilje, men også sjukdom og mangel på personalressursar i Bryne. Alle planlagde tiltak vart gjennomførte, men nokre i litt redusert omfang.

Trusopplæringsstillingar:

Trusopplæringa har til saman 1,4 stillingar som er dekkja av trusopplæringsmiddel. Sokneråda har vedteke å styrka trusopplæringa med innsamla midlar, og difor er stillingane innan trusopplæringa større enn det som blir dekkja av overførte midlar.

60% trusopplærer i Bryne (60% trusopplæringsmiddel): Kristine Åsbø
 70% trusopplærer i Time og Undheim (50% trusopplæringsmiddel): Ragnhild Hanssen
 50% kyrkjelydspedagog i Bryne (30% trusopplæringsmiddel): Marion Lende
 50% ungdomsarbeidar (0% trusopplæringsmiddel): Morten Bjorland (til aug. 2017)
 100% kantor i Bryne (20% trusopplæringsmiddel): Per Olav Egeland
 20% kyrkjelydsmedarbeidar (10% trusopplæringsmiddel): Johannes Kleppe
 80% kateket Ingfrid Time Nærland, løna av Stavanger bispedøme

Vi gler oss til å utvikla trusopplæringa vidare. Trusopplæringsplanen vil vera retningsgivande for det vidare arbeidet med trusopplæringa.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for trusopplæringa! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra. Ei lita utfordring og oppmuntring går til leiarar i det kontinuerlege arbeidet om å vera med som medarbeidarar i fasetiltak for å laga linkar til deira eige arbeid.

02.02.2018

Guds signing.
 Ingfrid Time Nærland

Statistikk Time sokn

Time sokn	Pkt.	2015 Time	2015 Lye	2016 Time	2016 Lye	2017 Time	2017 Lye
Innmeldingar	2.1	0	1	1	1	0	1
Utmeldingar	2.2	3	5	22	60	1	14
Dåp	3.1	76	8	75	6	62	3
Dåp bust.adr.sokn	3.2	40	1	36	3	28	2
Konfirmanter	3.3	45	0	39	0	26	0
Vigsler	3.4	28	0	34	0	25	0
Gudst søn/hellig	4A.1	35	22	37	21	32	20
Deltakere søn...	4A.1	6044	2812	5789	2732	4270	1561
Gjennomsnitt søn		172	128	156	130	133	78
Andre gudst.	4A.2	6	0	6	1	9	1
Deltakere andre..	4A.2	691	0	562	13	818	86
Nattverd gudst...	4C.1	14	12	12	12	14	11
Nattverddeltakere	5C.1	1298	1141	956	1472	1138	760
Gj.sn. nattv.		93	95	80	123	81	69
Familiegudst	4C.3	7	7	8	6	1	
Deltakere fam.g.	4C.3	1592	975	1052	788	107	
Gj.snitt fam.g.		227	139	*	131	107	
Ungd.gudst.delt.	4C.4	0	0	0	0	0	0
Skule/barnehageg	4C.6	0	0	1	0	1	0
Julaftengudst	4C.8	3	0	3	0	3	0
Offer totalt	11.1	245822	103201	217562	88337	183081	55093
Offer eige arbeid	11.1	106291	28192	123153	19577	72217	1550
Gjevarteneste	11.2	83200	650250	96700	609700	108800	482100
Andre innsaml.	11.3	47704	0	42586	0	77723	0



